



Stort og unikt er Sjøhuset i Uskedalen

Hammerslag pregar Neset midt i ferien og det er 2 hus frå 1800-talet som vert restaurert. Det eine er huset frå 1820 er eitt av dei eldste i bygda og det andre er det unike og svære Sjøhuset som sto på Ljosnes og vart flytt til Neset rundt århundreskiftet av Gjert Kjærland, som var ein flink notfiskar.

Siste vinter var ikkje av dei verste, men det bles kraftig ved eitpar høve og huset hadde ikkje godt av det! Difjor krevst det no ei omfattande restaurering. Det var særleg sørveggen og delar av taket det gjekk ut over. Heldigvis har Hermansen-familien god forsikring og 20 000 forsikringskroner til disposisjon. Det dekkjer det meste.



Dag Hermansen heilt oppe under mønet

Dei leide inn Knut Erling Bakka frå Omvikdalen til å starta jobben og så tek brørne Dag Hermansen og Trygve Harald Hermansen seg av snekringa vidare.

Det gjeld framfor alt å få ny kledning på den raserte vegg og også reparere takskader. Det er viktig å gjera ein grundig jobb så ein ikkje havnar på etterskott etter neste storm!

Det er eit imponerende høs i halvannen høgd og det dekkjer 9 X 12 meter. Fundamenta har heldt bra stand, betre enn venta. Førre gongen det bles så kraftig at situasjonen var kritisk for huset var i 1996. Då vart det skeivt og det måtte ein stor innsats til for å retta det opp.

Men også då var Hermansen-familien bestemt på å berge huset som det ikkje er maken til på våre kantar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Trygve Harald Hermansen i arbeid med sørveggen